

Sett klima høgt på dagsorden

Klima må bli sett høgt på dagsorden, på alle område, men her vil vi leggja spesielt vekt på industrien.

Det gir feil signal når Norsk Kylling og Orkland Energi Varme (fjernvarmeanlegget) skal bruke fossil gass som tilleggsvarme, noko som fører til store utslepp av CO₂.

Fjernvarmeanlegget har fått løyve til 7% fossil fyring (NVE), og varmesentralen hos Norsk Kylling, kan ifølgje Fylkesmannen ha «*opptil 20 % drift med gass*». Basert på søknaden frå Norsk Kylling, kan det bli auka utslepp på 2.300 tonn CO₂/år.

2019 var året då ungdom i heile verda, også i vår region, engasjerte seg mot utslepp av klimagass. Vi har også fått rapporten Klimakur 2030 om tiltak for å redusere utslepp av klimagass i Noreg.

I denne situasjonen bør Orkland kommune ta leiarskap for å sørge for at tilleggsfyringa skjer med fornybar energi for å hindre auka utslepp av CO₂. Kommunen bør ta initiativ til forpliktande samarbeid mellom Norsk Kylling, Orkland Energi og bondeorganisasjonane om å etablere lokal produksjon av biogass, som så raskt som mogleg kan erstatte fossil gass hos Norsk Kylling og Orkland Energi Varme. Biogass frå husdyrgjødsel gir samtidig stor klimagevinst i landbruket, ved å redusere utsleppet av den sterke klimagassen metan (rekna som 24 gongar verre enn CO₂).

Det er i denne samanhengen interessant at det blir arbeidd med å etablere produksjon av biogass, basert på husdyrgjødsel og avfall frå fiskeoppdrett i Heim kommune.

Elkem Thamshavn verk, som med energigjenvinning er eit av verdas mest energieffektive verk, har samtidig stort utslepp av CO₂ frå fossilt kol, som er råstoff i den kjemiske prosessen. Fossilt kol kan bli erstatta med fornybart biokol, og dermed gje dramatisk nedgang i netto utslepp av CO₂. Orkland kommune bør, i samarbeid med Thamshavn verk og Trøndelag fylkeskommune, ta initiativ for å få verket som pilotanlegg for overgang til bruk av lokalt produsert biokol.

Thamshavn verk vil med biokol rykke opp i den internasjonale eliten når det gjeld lågt utslepp av CO₂.